

Kommune- reform

Onsdag 29. juni kl 17.00 vil kommunestyret behandle sak om kommunereform og ei eventuell samanslåing med andre kommunar.

Dette møtet er ope for publikum, men den som vil kan også følgje behandlinga på videooverføring på heimesida til Skodje kommune.

Vedtaket som blir fatta i kommunestyret vil bli sendt til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, som vil sende si tilråding til Stortinget 3. oktober.

Stortinget fattar endeleg vedtak i om kommunesamanslåing i løpet av våren 2017.

Planstrategi

I samsvar med § 10-1 i plan- og bygningslova, skal kommunal planstrategi vedtakast av kommunestyret kvart 4. år, minst ein gong i kvar valperiode og seinast 1 år etter kommunestyret si konstituering.

Gjennom arbeidet med kommunal planstrategi kan kommunen synleggjere utviklingstrekk og utfordringar knytt til samfunnsutvikling og miljø. Arbeidet inneber ei vurdering av kommunen sitt planbehov og ei prioritering av dei viktigaste planoppgåvene. Planstrategien set eit sterkt fokus på at planlegginga skal vere behovsstyrt, og ikkje skal gjerast meir omfattande enn naudsynt.

Kommunestyret vedtok å starte arbeidet med rullering av kommunal planstrategi for Skodje i møte 24.05.2016. Planstrategiarbeidet skal vere ferdig i løpet av 2016

Skodje kommune
ønsker alle
God sommar!

Kommuneplan for Skodje 2017-2027

Forslag til planprogram for arealdelen / oppstart planarbeid

Kommuneplanen omfattar samfunnsdel med handlingsprogram og arealdel. Kommuneplanen skal ivareta kommunale, regionale og nasjonale mål og interesser. Ut frå nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging og lokale behov, skal kommunen gjennom planlegginga legge til rette for ein arealbruk og eit utbyggingsmønster som er til det beste for den einskilde og samfunnet.

Skodje kommunestyre vedtok i møte 24.05.16 høyring av planprogram og oppstart av planarbeid for kommuneplanen sin arealdel.

Arealdelen til kommuneplanen er del av det overordna og langsiktige styringsdokument til kommunen. Arealdelen skal fastsetje mål og strategiar for utviklinga av kommunen, og synleggjere aktivitetsområde og prioritering av ressursar. Arealdel for forvaltning av areal og andre naturressursar, skal bygge på dei føresetnader som ligg i samfunnsdelen.

Plan og bygningslova §4-1 set krav om at det for kommuneplanar, som eit ledd i varsling av planoppstart skal utarbeidast et planprogram som grunnlag for planarbeidet.

Nasjonale ordningar for redusert foreldrebetaling i barnehage

Det er innført to nasjonale ordningar for redusert foreldrebetaling i barnehage for familiar med lav inntekt. Dei to moderasjonsordningane kan kombinerast.

Nasjonal ordning for reduksjon i foreldrebetalingen

Hvis maksprisen er høgare enn 6 prosent av den samla inntekta til hushaldninga, skal du ha ein redusert pris.

Ordninga går ut på at ingen skal betale meir enn 6 prosent av inntekta si til barnehagen. I 2016 gjeld det for hushaldningar med ei samla inntekt som er lavare enn 486 750 kroner per år.

Dette gjeld både kommunale og private barnehagar. Kommunen har ansvaret.

Planprogram for arealdelen

Føremålet med planprogrammet er hovudsakleg å avklare kva spørsmål som det skal arbeidast med, og avklare korleis arbeidet med rullering av arealdelen skal gjennomførast. Planprogram for arealdelen byggjer på dei satsingsområda som er prioritert i planperioden (jf. kommuneplanen sin samfunnsdel), herunder vedtekte prinsipp for arealbruk.

Høyring av planprogrammet er samordna med kunningjering om oppstart av arbeidet med rullering av kommuneplanen sin arealdel. Saksdokumenta er tilgjengelege på skodje.kommune.no.

Eventuelle merknader til planprogram for arealdelen og innspel til kommuneplanarbeidet skal vere skriftlege, og sendast postmottak@skodje.kommune.no eller Skodje kommune, 6260 Skodje, innan **14. august 2016**.

Gratis kjernetid for 3-, 4- og 5-åringar

Frå 1. august 2016 har alle 3-, 4- og 5-åringar, og barn med utsett skulestart, som bur i hushaldningar med lav inntekt, rett til å få 20 timar gratis opphaldstid i barnehage per veke. For barnehageåret 2016-2017 gjeld dette for hushaldningar som har ei samla inntekt som er lavare enn 417 000 kroner per år.

Søknadsskjema

Det er utarbeidd eit elektronisk søknadsskjema for ordninga i Skodje kommune. Søknadsfrist for barnehageåret 2016-17 er 15. august. Skjemaet er å finne på Skodje kommune si heimeside skodje.kommune.no.

Litt av kvart

Biblioteket i sommar

Siste opningsdag før ferien:
Fredag 1. juli.

Første opningsdag etter ferien:
Måndag 1. august.

Er det barn som vil vere med på *Sommarles*, kan dei registrere seg på sommarles.no, eller ta kontakt med biblioteket for informasjon.

God sommar!

Planleggingsdag i barnehagane

Barnehageåret 2016-17 startar med planleggingsdag for alle barnehagane i Skodje måndag 15. august. Første barnehagedag vert tysdag 16. august.

Faktura barnehage

På grunn av innføring av nytt administrasjonsprogram i oppvekstsektoren vil faktura for barnehageplass i august først verte sendt ut i slutten av august. Førsette vil difor motta to fakturaer med forfall i september.

Hageavfall

Hageavfall kan leverast gratis på Prestemarka, sør for gartneriet. Dette gjeld greiner, busker og røter. Ikkje gras eller anna hageavfall.

Miljøstasjonar

Vi minner om at du kan levere avfall til alle miljøstasjonane til ÅRIM, t.d. Bingsa (Ålesund), Nøsa (Haram), Sjøholtstrand (Ørskog) og Øveråsli (Vestnes). NB: Hugs å ta med miljøstasjonskortet frå ÅRIM. Har du ikkje kort, må du betale.

For informasjon om opningstider etc., sjå nettsida til ÅRIM, arim.no.

Neste Kommunenytt

Neste *Kommunenyt*t kjem ca. 14. september. Frist for innlevering til dette nummeret er 7. september.

Spelemidlar

Har de prosjekt som kan finansierast av spelemidlar?

Turstiari, turløyper, ballbingar, klubbhus, motorsportanlegg, skianlegg, trimparkar – lista er lang over kva det kan søkjast spelemidlar til.

Idrettslag, skyttarlag, kommunar m.fl. kan søkje spelemidlar til både ordinære anlegg og nærmiljøanlegg.

Burettslag og velforeiningar kan søkje spelemidlar til nærmiljøanlegg.

Skodje kommune inviterer med dette idrettslag, skyttarlag, burettslag, velforeiningar og andre til å melde inn prosjekt.

Ta kontakt med Skodje kommune v/ Magne P. Fylling, tlf 70 24 41 90, for meir informasjon om spelemiddelordninga.

Innmelding av nye prosjekt og eventuelle merknader til oppstarta planarbeid skal vere skriftlege, og sendast postmottak@skodje.kommune.no.

Frist for innspel og merknader er sett til **1. september 2016**.

Prosjekt i barnehagane

Språk i barnehagen

Alle barnehagane i Skodje kommune, både privat og kommunale, har i tre år hatt eit felles prosjekt: Språk i barnehagen. Vi har arbeidd målretta for å finne ut kva vi gjer som er bra, og kva vi kan bli betre på, både når det gjeld språkmiljø, vaksenrolle, erfaringslæring blant dei vaksne og konkret språkutvikling og språkstimulerande aktivitetar. Alle barnehagetilsette har vore deltakande i arbeidet og vi har utfordra og utvikla oss mykje i positiv retning. Vi har samla alt vi har gjort i delrapportar og ein hovudrapport som vil bli gjort tilgjengeleg på heimesida til Skodje kommune etter kvart. I tillegg har barnehagane arbeidd fram sin del av Plan for lese- og skriveopplæring i Skodje kommune. Barnehagane vil arbeide målretta vidare med ei av dei viktigaste oppgåvene dei har, barn si språklege utvikling, sjølv om prosjektperioden er over.

«Ringar i vatn»

Frå hausten av skal barnehagane ta til på eit nytt prosjekt som har sitt utspring i frå barnehagen i eit folkehelseperspektiv. Barnehagane står i ei særstilling når det gjeld tidleg innsats. Dei har barn mange timar om dagen, kvar dag over fleire år og tilsette møter foreldre to gongar om dagen. Dette potensielle handlingsrommet vil vi ta godt vare på. Målet med prosjektet er å sjå barnet i eit heilskapleg perspektiv; Psykisk helse, fysisk helse og kosthald. Prosjektet skal heite «Ringar i vatn» og vil også ta for seg barnehagen sitt samarbeid med andre instansar som skule, helse-stasjon, PPT og barnevern. Vi gleda oss til å ta fatt på det!



Dette skjer

Reindalseter

Laurdag 25. juni opnar vertskapet på Reindalseter dørene på ny, og tek imot einkvar som ønskjer å ta turen innom.

Reindalseter byr på mange opplevingar: Her kan vener og familie gå turar, padle i kano og kajakk, prøve fiskelukka eller nyte god mat og drikke frå kjøkkenet.

Ålesund-Sunnmøre Turistforening ser fram til å starte sommaren i fjellet saman med deg!



SkodjeDagane 2016

Skodje Skulekorps inviterer til salsmesse i og rundt Gomerhuset i Skodje Sentrum. Vi ynskjer å få til ei spennande messehelg, med variert program og underhaldning for einkvar smak.

Messa er open laurdag 17. september og søndag 18. september frå kl. 11.00 til kl. 17.00.

Vi som arrangør håper at De kan finne SkodjeDagane2016 som eit interessant høve til å presentere Dykkar produkt. Ta gjerne kontakt med oss for ytterlegare informasjon og prisar.

E-post: Skodjedagane@skodjeskulekorps.no

Olaf T. Skrøppa, 6260 Skodje
tlf. 952 59 296

Anne Mette Mykland, 6260 Skodje
tlf. 959 47 711

"Kommunenyt" vert utgjeve av Skodje kommune, og vert distribuert til: Alle husstandar, handlande og kontor i Skodje, kommunale avdelingar og Ålesundregionens utviklingskontor. Ansvarleg redaktør: rådmann Bente Glomset Vikhagen.



SKODJE KOMMUNE

6260 SKODJE | 70 24 40 00 | Beredskapstlf. teknisk: 99 29 66 35
postmottak@skodje.kommune.no | www.skodje.kommune.no